

Resultat Olweusundersøkjinga 2022

Undersøkjinga blei gjennomført i april på 4.-7.trinn.

Lærarane har studert rapporten og arbeidd med problemstillingar knytt til denne. Elevane får også presentert rapporten. Dei skal arbeida klassevis med refleksjonsoppgåver i grupper. Saman skal me koma fram til konkrete tiltak til kva dei vaksne og elevane kan gjera for at alle skal ha det greitt på skulen.

Det som kom fram i rapporten er:

- Dei som blir mobba blir utsett for verbal og digital mobbing.
- Mobbinga skjer på skuleplassen og på nettet.
- Dei som blir mobba har sagt i frå om det heime eller til ein vaksen på skulen.
- Alle elevane på skulen vår har nokon å vera saman med.
- Ingen har blitt mobba over fleire år.

Det er på skuleplassen og på mobil, nettbrett eller pc mobbinga skjer. Det siste er etter skuletid.

Skulen ønskjer at de heime snakkar med dykkar barn om korleis me snakkar til og om andre. Vidare at de arbeider for haldningar og verdiar som tek avstand frå å vera med på mobbing og at føresette tek kontakt med kvarandre og skulen, for å ordna opp, dersom de ser mobbing.

Saman skal me laga skulekvardagen trygg for alle elevane!



Helsing oss på Hognestad skule